

## Årsmelding for eldrerådet i Øystre Slidre kommune 2016

Eldrerådet i 2016 har hatt slik samansetning:

### Medlem

Torleiv Sigurd Hovi, leiar  
Solveig Rydland, nestleiar  
Gunnar Berg  
Edgar Linn, FRP  
Marit Synnøve Opheim Østli, AP

### Varamedlem

Erik Gjerdalen  
Marit Robøle  
Bodil Dahle  
Morten Steinsrud, SP  
Ove Ekerbakke, H fram til 1. nov.  
Ny vara: Hanne Svendsen, H frå 1. nov.

Eldrerådet har i 2016 hatt 6 styremøter og handsama 31 saker. Eldrerådet har vedteke ei aktivitetsplan for året der dei viktigaste sakene har vore vedtak om lokalisering og bygging av nytt omsorgstun. Her fekk eldrerådet fleirtal i kommunestyret for lokalisering til Sørre Moen. Eldredagen var den 26. september - og med god mat, tale av ordførar og god underholdning, vart kvelden vellukka. 58 personar deltok.

Festus har vore på sakslista fleire gonger. No er bilen bestilt med lovnad om levering i løpet av 1. halvår 2017. Eldrerådet har hatt omvisning og orientering om drifta på sjukeheimen ved styrar. Me har også vorte godt informert av kommunalsjef for helse og omsorg om den vedtekte helse- og omsorgsplanen.


Eldrerådet har hatt god kontakt med Ø.Slidre pensjonistlag om saker me har felles interesse av. Kultursjefen har orientert oss om den kulturelle spaserstokken.

### Andre møter:

Leiar har møtt på 2 møter i samhandlingsrådet for Ø.Slidre frivilligsentral. Dei gjer ein sær sars god jobb. Det har vore 2 regionale møter med eldreråda i Valdres. Møtene var i Vestre Slidre og i Etnedal. Møtene gav oss god informasjon om felles saker. Eldrerådet har møtt i formannskapet og lagt fram sitt syn på budsjettet for 2017. Leiar og nestleiar er medlemmer i referansegruppa for nytt omsorgstun.

Eldrerådet vil takke for godt samarbeid og god informasjon frå administrasjonen i saker som vedkjem oss. Me vil også takke politikarane for godt samarbeid og god oppfølging av våre saker.

Årsmelding vedteken i eldrerådet den 28.03.17 .....



(Leiar)